

# Program

# Bremanger Venstre

## 2023 - 2027



**VENSTRE**

# BREMANGER VENSTRE VIL TA GREP OM FRAMTIDA

Dei største utfordringane våre er knytt til folketal og demografisk utvikling, og det trengs solid politisk styring for å snu utviklinga. Bremanger Venstre skal vere ei tydeleg stemme der politikk vert utforma og vedtak fatta. Med engasjement, samarbeid, kreativitet og innsikt vil vi ta grep om utviklinga i heile kommunen!

Framtidsretta reguleringsplanar, samferdsle, infrastruktur og satsing på born og unge er viktige stikkord for auka næringsverksemd og busetnad. Samstundes skal vi ha gode tilbod for eldre, sjuke og pleietrengande. Desentralisert tenestestruktur er ein styrke ved samfunnet vårt, som vi må marknadsføre og ta vare på.

## NÆRING OG ARBEID

- Vi skal vere gode støttespelarar for næringslivet, og legge til rette for utvikling og etablering av nye arbeidsplassar gjennom oppdaterte reguleringsplanar, og gjennom å vere lyttande, imøtekommende og løysingsorienterte.
- Vi skal vere ein pådrivar for berekraftig vekst innan fiskeri og havbruk.
- Vi vil vidareutvikle jordbruksnæringa for å sikre lokal matproduksjon, kunnskap om dyrehald og hindre vidare attgroing av kulturlandskapet.
- Vi må ha kontinuerleg fokus på samferdsletiltak: Gode og effektive vegar er heilt nødvendig for å skape ein større bu- og arbeidsmarknad. Båt-, ferje-og bussruter må gjere det lettvint å pendle til jobb og skule.

## OPPVEKST OG KULTUR

- Vi vil halde på ein desentralisert skule- og barnehagestruktur. Dette er viktig for å sikre utvikling og vere attraktive for tilflytting.
- Barnehagar, skulebygg og basseng må haldast ved like.
- Skulane skal ha gode læremiddel, dataverktøy og fasilitetar for praktiske fag.
- Alle oppvekstsenter skal ha gode uteområde.
- Vi skal ha eit godt kulturskuletilbod og støtte opp om lag og organisasjoner. Eit rikt kultur- og idrettstilbod gjev auka bulyst og positive ringverknader for lokalt næringsliv.
- Dei unge er framtid! Vi ønskjer fleire møteplassar for ungdom.

## HELSE OG OMSORG

- Vi vil ha to helsecenter i kommunen også i framtida. Nærleik til legekontor og helsestasjon er viktig for tryggleik og trivsel.
- Vi vil gjere helsecentera og sjukeheimane våre meir attraktive med tanke på rekruttering. Derfor vil vi gjere Bremanger til ein føregangskommune når det gjeld tilgang på og bruk av det siste nye innan teknologisk utstyr. Slik kan vi gjere kvarldagen enklare for både helsepersonell og pasient, gje moglegheit for raskare og meir presis diagnostikk, og redusere behovet for oppmøte på sjukhus.

- Vi vil styrke førebyggande og oppfølgande tiltak innan rus og psykisk helse. Det bør oppretta ei ny stilling i psykisk helseteneste, retta mot barn og unge. Kommunen bør kunne tilby gruppebehandling for menneske med angst og depresjon.
- Vi treng større satsing på skulehelseteneste og helsestasjon for ungdom.
- Barnevernet må styrkast.
- Vi vil halde fram kampen for ei ambulanseteneste med kort responstid i alle delar av kommunen.

## MILJØ

- Vi skal ha ein klar klima- og miljøprofil på kommunal drift, tenesteyting og planverk.
- Areal regulert til nye bustader i nærleiken av bygdesentera er eit viktig bidrag for ein enklare og meir miljøvenleg kvardagslogistikk.
- Rehabilitering, gjenbruk og energieffektivisering av eksisterande bygningar er god miljøpolitikk. Dette må gjenspeglast i kommunale vedlikehaldsbudsjet og stønadsordningar.
- Vi vil ha fleire ladestasjonar for elbil.
- Naturverdiar og kulturminne må prioriterast og takast vare på.
- Vi seier nei til nye vindkraftanlegg og steinbrot.
- Kommunen skal fastsetje overordna mål og legge til rette for ei grunn-eigarstyrt hjorteforvaltning gjennom bestandsplansamarbeid.
- Vi vil ha slutt på taretrålinga på Bremangerpollen.

## BUSTADPOLITIKK, SAMARBEID OG SAMFERDSLE

- Gjennom dialog, kreativitet og samarbeid med private skal kommunen bidra til å få realisert nye bustadfelt og byggeprosjekt av større omfang, som rekkjehus, leilegheitsbygg og liknande.
- Kommunen bør ha gjennomgangsleilegheiter å tilby nyttilsette for ein periode.
- Eigedomsskatt for privatbustader bør avviklast.
- Samarbeid på tvers av kommunegrenser og med fylkeskommunen er naudsynt for ei positiv utvikling i regionen.
- Arbeidet med å sikre finansiering av Kystvegen må halde fram med full tyngde.
- Vi vil jobbe for fleire avgangar på ferjene over Nordfjorden. På Stårheim-Isane bør det bli døgnkontinuerleg drift. Båtrutetilbodet i Leirgulen må styrkast.
- Vi vil ha betre rabattordningar og meir smidige billettløysingar for dei som reiser kollektivt med buss og båt.
- Rassikring må prioriterast.
- Vi ønsker å setje fokus på dei mange statlege og fylkeskommunale stønadsordningane ein kan søke om tilskot frå. Eit vake blikk og ein kultur for informasjonsdeling styrkar sjansane for løvyingar som kan skape ny aktivitet.



1. Svein Olav Senneset  
f. 1970, Bremanger



2. Evy Merete Myklebust  
f. 1981, Ålfoten



3. Svein Arne Torvanger  
f. 1988, Bremanger



4. Jeanette Kristiansen Grotle  
f. 1978, Bremanger



5. Hilde Klungreseth  
f. 1974, Bremanger

## Bremanger Venstre si liste til kommunevalet 2023:

1.	Svein Olav Senneset	f. 1970	Bremanger
2.	Evy Merete Myklebust	f. 1981	Ålfoten
3.	Svein Arne Torvanger	f. 1988	Bremanger
4.	Jeanette Kristiansen Grotle	f. 1978	Bremanger
5.	Hilde Klungreseth	f. 1974	Bremanger
6.	Oddvar Hauge	f. 1964	Bremanger
7.	Mohammed Sangare	f. 1976	Svelgen
8.	Stian Osmundsen	f. 1983	Ålfoten
9.	Irene Storøy	f. 1980	Rugsund
10.	Rakel Rise Hallset	f. 1981	Svelgen
11.	Ole Nigardsøy	f. 1968	Bremanger
12.	Roger Nyborg	f. 1979	Bremanger
13.	Irene Seim	f. 1972	Bremanger
14.	Svein Olav Igland	f. 1957	Kalvåg
15.	Cecilie Grotle Igland	f. 1988	Kalvåg
16.	Geir Magne Røys	f. 1966	Bremanger
17.	Åge Senneset	f. 1964	Bremanger
18.	Øyvind Nesje	f. 1983	Bremanger
19.	Tor-Ivar Bortne	f. 1975	Rugsund
20.	Janne Kjærstad	f. 1980	Bremanger
21.	Viggo Igland	f. 1979	Bremanger
22.	Øystein Kolseth	f. 1967	Rugsund

